

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 4. mars 2008 etter delegasjon i brev av 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2008

Gjeld til 31.07.2018



Utgått

## Føremål

Raske endringar i teknologi og samfunn fører til endring i korleis medieprodukt blir produserte, brukte og formidla i media. Det blir stadig fleire formidlingskanalar, og konkurransen om å fange interessa til publikum er blitt større. Dette stiller nye krav til spesialkompetanse hos yrkesutøvarar i medie- og kommunikasjonssektoren.

Opplæringa i valfritt programfag lyd skal vidareutvikle praktiske evner og kunnskap om lydproduksjon i ulike sjangrar til ulike medieprodukt. Valfritt programfag lyd skal gi kunnskap om kva for verkemiddel som blir brukte i media for å påverke haldningar, kjensler og handlingar, slik at denne kunnskapen kan brukast i eigne produksjonar. Opplæringa skal vidareutvikle evna til å arbeide i samsvar med gjeldande etiske og juridiske normer og reglar. Opplæringa skal medverke til å dekkje behovet for teknologikunnige, kreative og reflekterande yrkesutøvarar som kan vere med på å finne løysingar på nye og skiftande utfordringar innan lydproduksjon.

Opplæringa i valfritt programfag lyd skal vere relevant for ulike medieyrke. Valfritt programfag lyd skal fremme sjølvstendig tenking og samarbeid med andre faggrupper i mediebransjen. Programfaget dannar grunnlag for yrkesutøving og høgare utdanning.

## Struktur

Valfritt programfag lyd er samansett av to hovudområde. Hovudområda utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

**Oversikt over hovudområda:**

Årssteg	Hovudområde
Vg3	Lydopptak   Arbeid med lyd



## Hovudområde

Hovudområdet omfattar design, opptak og miksing av lyd i ulike miljø og for ulike sjangrar og bruksområde. Det gjeld å forstå korleis akustikk, støyforhold og lyd kjelder påverkar val og oppsett av utstyr.

Hovudområdet omfattar tilarbeiding av lyd for å forsterke uttrykket og slutføre ein produksjon. Det omfattar oppøving av kreative evner i bruk av teknologi, utstyr og programvare. Det inngår vidare å planleggje, lage, vurdere og dokumentere lydproduksjonar etter yrkesfaglege standardar og i samsvar med etiske normer og gjeldande regelverk. Hovudområdet dekkjer også det å bruke uttrykkshistoria for å utvikle eit eige uttrykksregister.

## Timetal

Timetalet er oppgitt i einingar på 60 minutt.

Valfritt programfag lyd 140 timar

## Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I valfritt programfag lyd forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Å *kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg* i valfritt programfag lyd inneber å gjere greie for etiske og estetiske problemstillingar knytte til medieprodukt. Det handlar også om å kommentere og vurdere eigne og andre medieprodukt ved hjelp av fagterminologi. Det inneber også å skrive variert og presist og kvalitetssikre eige arbeid.

Å *kunne lese* i valfritt programfag lyd inneber å lese, tolke og forstå kva for rolle lyd spelar i samansette tekstar av ulik kompleksitet og innan ulike sjangrar i ulike medium.

Å *kunne rekne* i valfritt programfag lyd inneber å kunne setje opp ein produksjonskalkyle og forstå og bruke prinsippa for filstorleikar og kompresjonsteknikkar.

Å *kunne bruke digitale verktøy* i valfritt programfag lyd inneber å lage og arbeide vidare med lyd og multimedieprodukt ved hjelp av digitale verktøy og å bruke slike verktøy i publisering av medieprodukt. Det inneber også å bruke slike verktøy til å søkje etter og utveksle informasjon.

## Kompetansemål

### Lydopptak

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere fleirsopptak og miksing av lyd live og i studio
- lage lydopptak med forskjellige typar mikrofonar og mikrofonoppsett i ulike akustiske miljø ute og inne
- bruke og drøfte ulike uttrykk frå tidlegare tider som inspirasjonskjelde for eigne lyduttrykk
- gjere opptak av eigenproduserte effektlydar til fiksjonsproduksjonar og vurdere korleis lyden påverkar opplevinga
- kople opp utstyr for opptak og miksing av lyd
- forklare prinsipp for lydopptak til surroundlydformat

### Arbeid med lyd

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere lydproduksjonar tilpassa ulike medium
- utforske og bruke forteljeteknikkar og dramaturgi i eigne lydforteljingar
- kunne setje eigne lyduttrykk inn i ein uttrykkshistorisk samanheng
- forsterke ein bodskap ved bruk av lyddesign og vurdere korleis lyden påverkar opplevinga
- planleggje og gjennomføre ein lydproduksjon innanfor faste rammer for tidsbruk og økonomi
- drøfte eigen lydproduksjon i lys av uttrykkshistoria
- gjere greie for signalgangen gjennom lydutstyret frå lydkjelda til mottakaren av ferdig distribuert lydprodukt
- gjere greie for etiske normer og gjeldande regelverk med helse-, miljø- og tryggleiksføresegner og drøfte korleis desse er sikra i eigne og andre produksjonar
- bruke presis og nyansert fagterminologi i dokumentasjon og vurdering av lyd

- velje format for lagring og distribusjon av lyd og drøfte korleis vala påverkar kvaliteten på lydmaterialaet
- arkivere lyd for vidare bruk

## Vurdering

### Vg3 lyd

Føresegner for sluttvurdering:

#### *Standpunktvrdering*

Programfag	Ordning
Lyd	Eleven skal ha standpunktarakter i dette valfrie programfaget.

#### *Eksamen for elevar*

Programfag	Ordning
Lyd	Eleven kan trekkjast ut til ein praktisk eksamen i dette valfrie programfaget. Eksamenen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

#### *Eksamen for privatistar*

Programfag	Ordning
Lyd	Privatisten skal opp til ein praktisk eksamen i dette valfrie programfaget. Eksamenen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrifta til opplæringslova.